



**Utval:** Hovudutval for plan og miljø  
**Møtestad:** Kommunestyresalen, Kommunehuset  
**Dato:** 06.09.2016  
**Tid:** 08:30 – 12:30

**Fylgjande medlemmer møte:**

Namn	Funksjon	Representerer
Elise Lauvrak	Medlem	AP
Nils Vidar Pettersen	Leiar	AP
Øyvind Kile	Nestleder	AP
Guro Blessum Libjå	Medlem	SP
Thor Inge Levang	Medlem	SP

**Fylgjande medlemmer møte ikkje:**

Namn	Funksjon	Representerer
------	----------	---------------

**Fylgjande varamedlemmer møte:**

Namn	Møtte for	Representerer
------	-----------	---------------

**Fylgjande frå administrasjonen møte:**

Namn	Stilling
Arild Metveit	Kommunalsjef
Einar Mikkelsen	Senioringeniør(sak 40/16 og 41/16)
Aslak Momrak-Haugan	Skogbrukssjef(sak 42/16)

Saker til handsaming: (sak nr./år, f.o.m. – t.o.m.)  
34/16 – 42/16

Merknader til møteboka: Sak 42/16 blei handsama i møtet

Godkjenning av protokoll:

\_\_\_\_\_  
Nils Vidar Pettersen  
utvalsleiar

Marit N. Dale  
utvalssekretær

Rådmannen si godkjenning, jfr. sakshandsamingsrutiner pkt. 12.0:

Ketil O. Kiland  
rådmann

RS 179/16 Stuvestøyl 26/64, tomt 3 - anneks

RS 180/16 Fisketjønn 16/1 - ski/turløype og nytt brudekke

RS 181/16 Søknad om utsleppsløype gbnr 28/29

RS 182/16 Svar på søknad om tilskot til drenering av jordbruksjord gbnr 39/2 - 38/7 og 2/4

RS 183/16 Fyresdalsvegen 4701 25/1-2 - tilbygg fritidsbustad og bod

RS 184/16 Rekvisisjon av oppmålingsforretning - Berve gbnr 34/38

RS 185/16 Søknad om dispensasjon frå renovasjonsordninga Kåsa øvre, gbnr 35/4

RS 186/16 Søknad om dispensasjon frå renovasjonsordninga gbnr 38/51

RS 187/16 Griddalen 24 17/4-10 - anneks

RS 188/16 Prærien 20 36/59 - garasje/carport

RS 189/16 Tomt A ved Norbøtjønna 74/14 - fritidsbustad

RS 190/16 Svar på søknad om fornya snøskuterløype

RS 191/16 Motorferdsel i utmark - svar på søknad, Bondal Motor AS

RS 192/16 Svar på søknad om motorferdsel i utmark - Trond Rustand

RS 193/16 Rekvisisjon av oppmålingsforretning - 43/5

RS 194/16 Stuvestøyl 26/64, tomt 3 - Søknad om dispensasjon frå hytteplan Våmur Nordre 26/9 i samband med oppsetting av anneks

RS 195/16 Motorferdsel i utmark - svar på søknad om skuterløype

RS 196/16 Birte 16/180 - byggesøknad fritidsbustad

RS 197/16 Møtereferat ang. vegar i hyttefelt

RS 198/16 Søknad om frådelling av hustomt frå Momrak gbnr 28/3

RS 199/16 Sitjevegen 42 38/91 - Overbygd utestoge på veranda

RS 200/16 Tøddebakkane 9 38/45-15 - tilbygg bustadhus

RS 201/16 Rekvisisjon av oppmålingsforretning - Kvipt 18/1

RS 202/16 Fyresdalsvegen 2795 28/6-4 - tilbygg fritidsbustad

RS 203/16 Åbodokki - søknad om tillatelse for igangsetting

RS 204/16 Søknad om dispensasjon frå renovasjonsordninga - gbnr 92/62

RS 205/16 Svar på søknad om tilskot til drenering av jordbruksjord gbnr 2/4

RS 206/16 Svar på søknad om støtte til spesielle miljøtiltak i jordbruket - SMIL - gbnr 80/3

RS 207/16 Birtedalsvegen 917 10/1 - driftsbygning i landbruket

RS 208/16 Momraksvegen 28/29 - bustadhus

RS 209/16 Vinsnes 24/1/20 Veg til hytte

RS 210/16 Søknad om utsleppsløyve - 16/180

RS 211/16 Fardal brygge 10/29 - bustadhus og garasje

RS 212/16 Folkestadgata 15 36/97 - 37/1-2 - bytting tak, ny verandadør/vindaugo, inngangsparti, tak over veranda

RS 213/16 Søknad om dispensasjon frå renovasjonsordninga

RS 214/16 Søknad om tilskot til avløpsanlegg

RS 215/16 Avløpsplan for Vikåne hyttefelt del av gbnr 26/10

RS 216/16 Vinsnes hyttefelt - vegbygging 24/24 og 24/1-15

RS 217/16 Søknad om utsleppsløyve - Borggrendesvegen 942 6/1

RS 218/16 Åmlivegen 327 15/5 - riving av fritidsbustad og oppsetting av ny fritidsbustad og løe

## **PS 34/16 Søknad om konsesjon del av Sundsli gbnr 25/122**

### **Innstilling frå ordføraren:**

Hovudutval for plan og miljø i Fyresdal gjev Ketil Kiland konsesjon for erverv av del av Sundsli, g/b.nr. 25/6, seinare g/b.nr. 25/122, totalt omlag 1200 da, som vist på vedlagt kart. Ervervet er ei driftsmessig god løysing og avtalt pris på kr. 280.000,- er i tråd med ei samfunnsforsvarleg prisutvikling. Arealet skal leggest til søkjars eigedom, Kiland, g/b.nr. 25/1.

Vedtaket er gjort med heimel i konsesjonslova § 9 og 11 av 28.nov 2003 og delegasjon frå Landbruks- og matdepartementet til kommunane.

### **Handsaming i Hovudutval for plan og miljø - 06.09.2016**

Samrøystes i samsvar med innstilling frå ordføraren.

### **Vedtak i Hovudutval for plan og miljø - 06.09.2016**

Hovudutval for plan og miljø i Fyresdal gjev Ketil Kiland konsesjon for erverv av del av Sundsli, g/b.nr. 25/6, seinare g/b.nr. 25/122, totalt omlag 1200 da, som vist på vedlagt kart. Ervervet er ei driftsmessig god løysing og avtalt pris på kr. 280.000,- er i tråd med ei samfunnsforsvarleg prisutvikling. Arealet skal leggest til søkjars eigedom, Kiland, g/b.nr. 25/1.

Vedtaket er gjort med heimel i konsesjonslova § 9 og 11 av 28.nov 2003 og delegasjon frå Landbruks- og matdepartementet til kommunane.

## **PS 35/16 Klagehandsaming på avslag om konsesjon - Selid 64/6**

### **Innstilling frå rådmannen:**

Hovudutval for plan og miljø (PM) opprettheld vedtaket sitt i sak 33/16 om å nekte søkjar Torjus Gaaren konsesjon for erverv av Selid, g/b.nr. 64/6 på grunnlag av for høg pris. Klaga vert såleis ikkje tatt til fylgje. Dette vert grunngjeve med at det ikkje har kome fram nye opplysningar i klaga som skulle tilsei ein omgjering av det opprinnelege vedtaket.

Saka vert vidaresendt til Fylkesmannen for endeleg avgjerd.

### **Handsaming i Hovudutval for plan og miljø - 06.09.2016**

Samrøystes i samsvar med innstilling frå rådmannen.

### **Vedtak i Hovudutval for plan og miljø - 06.09.2016**

Hovudutval for plan og miljø (PM) opprettheld vedtaket sitt i sak 33/16 om å nekte søkjar Torjus Gaaren konsesjon for erverv av Selid, g/b.nr. 64/6 på grunnlag av for høg pris. Klaga vert såleis ikkje tatt til fylgje. Dette vert grunngjeve med at det ikkje har kome fram nye opplysningar i klaga som skulle tilsei ein omgjering av det opprinnelege vedtaket.

Saka vert vidaresendt til Fylkesmannen for endeleg avgjerd.

## **PS 36/16 Interkommunalt samarbeid i Vest-Telemark - prosjekt**

### **Innstilling frå rådmannen:**

- Fyresdal kommune deltek i interkommunalt samarbeid i Vest-Telemark og legg prosjektspesifikasjonen datert 7. juni 2016 til grunn for arbeidet.

### **Handsaming i Arbeidsmiljøutvalet - 05.09.2016**

Rådmannen orienterte om saka.

Samrøystes som innstilling.

### **Vedtak i Arbeidsmiljøutvalet - 05.09.2016**

Fyresdal kommune deltek i interkommunalt samarbeid i Vest-Telemark og legg prosjektspesifikasjonen datert 7. juni 2016 til grunn for arbeidet.

### **Handsaming i Hovudutval for plan og miljø - 06.09.2016**

Samrøystes i samsvar med innstilling frå rådmannen.

### **Vedtak i Hovudutval for plan og miljø - 06.09.2016**

Fyresdal kommune deltek i interkommunalt samarbeid i Vest-Telemark og legg prosjektspesifikasjonen datert 7. juni 2016 til grunn for arbeidet.

## **PS 37/16 Gardar, Meinstad og kommunehus - kva no?**

### **Innstilling frå rådmannen:**

1. Rådmannen hentar inn anbod for riving av kommunehuset og grendehuset i Birtedalen i 2017. Kommunestyret gjer endeleg vedtak når anbod ligg føre.
2. Rådmannen går i dialog med Telemark Lys AS for deira overtaking av Gardar med tilhøyrande tilbakekjøpsavtale regulert av symbolsk kjøpesum. Tilbakekjøpsavtala skal regulere at Fyresdal kommune etter 10 år eller seinare har rett til å kjøpe Gardar attende til same pris som Telemark Lys AS gav justert for oppgraderingskostnader, redusert for slit og elde. Telemark Lys AS har ansvar for vedlikehald utvendig og innvendig så lenge dei eig bygget.
3. Rådmannen går i dialog med lag og organisasjonar om leige av Meinstad som samordnast med tilbod kommunen har for bruk av huset på dagtid.

### **Handsaming i Hovudutval for plan og miljø - 06.09.2016**

Samrøystes i samsvar med innstilling frå rådmannen.

### **Vedtak i Hovudutval for plan og miljø - 06.09.2016**

1. Rådmannen hentar inn anbod for riving av kommunehuset og grendehuset i Birtedalen i 2017. Kommunestyret gjer endeleg vedtak når anbod ligg føre.
2. Rådmannen går i dialog med Telemark Lys AS for deira overtaking av Gardar med tilhøyrande tilbakekjøpsavtale regulert av symbolsk kjøpesum. Tilbakekjøpsavtala skal regulere at Fyresdal kommune etter 10 år eller seinare har rett til å kjøpe Gardar attende til same pris som Telemark Lys AS gav justert for oppgraderingskostnader,

reduisert for slit og elde. Telemark Lys AS har ansvar for vedlikehald utvendig og innvendig så lenge dei eig bygget.

3. Rådmannen går i dialog med lag og organisasjonar om leige av Meinstad som samordnast med tilbod kommunen har for bruk av huset på dagtid.

## **PS 38/16 Søknad om konsesjon - Kleppsvassheia 68/2**

### **Innstilling frå rådmannen:**

Hovudutval for plan og miljø gjev søkjar Arild Gaaren konsesjon for erverv av Kleppsvassheia, g/b.nr. 68/2. Egedomen skal leggst til søkjars eigedom Lien Nordre, g/b.nr. 68/1 og dette er ei god driftsmessig løysing.

Vedtaket er gjort med heimel i konsesjonslova § 9 og 11 av 28.nov 2003 og delegasjon frå Landbruks- og matdepartementet til kommunane.

### **Handsaming i Hovudutval for plan og miljø - 06.09.2016**

Samrøystes i samsvar med innstilling frå rådmannen.

### **Vedtak i Hovudutval for plan og miljø - 06.09.2016**

Hovudutval for plan og miljø gjev søkjar Arild Gaaren konsesjon for erverv av Kleppsvassheia, g/b.nr. 68/2. Egedomen skal leggst til søkjars eigedom Lien Nordre, g/b.nr. 68/1 og dette er ei god driftsmessig løysing.

Vedtaket er gjort med heimel i konsesjonslova § 9 og 11 av 28.nov 2003 og delegasjon frå Landbruks- og matdepartementet til kommunane.

## **PS 39/16 Høyring - framlegg til lov om endring av lov om konsesjon, lov om jord og lov om odelsretten og åseteretten**

### **Innstilling frå rådmannen:**

Fyresdal kommune støttar ikkje Landbruks- og matdepartementets framlegg til endringar av landbrukslovverket med unntak av punktet om endring av reglar om tilbakebetaling av tilskot i jordlova §18.

Dette grunngjevast med at endringsframlegga strir mot føremålsparagrafen i jord- og konsesjonslova.

### **Handsaming i Hovudutval for plan og miljø - 06.09.2016**

Samrøystes i samsvar med innstilling frå rådmannen.

### **Vedtak i Hovudutval for plan og miljø - 06.09.2016**

Fyresdal kommune støttar ikkje Landbruks- og matdepartementets framlegg til endringar av landbrukslovverket med unntak av punktet om endring av reglar om tilbakebetaling av tilskot i jordlova §18.

Dette grunngjevast med at endringsframlegga strir mot føremålsparagrafen i jord- og konsesjonslova.

## **PS 40/16 Gakkskil hyttefelt gbnr 16/1 - veg til hyttene**

### **Innstilling frå rådmannen:**

PM-utvalet finn i medhald av plan- og bygningslova §12-11 og §12-14 ikkje grunn til å leggje framlegg til endring av reguleringsplan for Gakkskil med ny veg KV2 ut til offentleg ettersyn, eller dispensere frå planen då det her er svært kort tid sidan denne reguleringsplanen sist vart handsama og at det etter Formannskapet sitt syn er fleire ulemper enn fordeler ved å dispensere.

### **Handsaming i Hovudutval for plan og miljø - 06.09.2016**

Forslag til endring frå Arbeiderpartiet v/ Nils Vidar Petteren:  
Som innstillinga til rådmannen, men stryker siste setning etter "handsama".

Ved avstemming blei forslag til endring samrøystes vedteke.

### **Vedtak i Hovudutval for plan og miljø - 06.09.2016**

PM-utvalet finn i medhald av plan- og bygningslova §12-11 og §12-14 ikkje grunn til å leggje framlegg til endring av reguleringsplan for Gakkskil med ny veg KV2 ut til offentleg ettersyn, eller dispensere frå planen då det her er svært kort tid sidan denne reguleringsplanen sist vart handsama.

## **PS 41/16 Kommunal planstrategi for Fyresdal kommune 2016-2019**

### **Innstilling frå rådmannen:**

Fyresdal kommune vedtek å offentleggjere framlegg til kommunal planstrategi 2016-2019. Det skal så gå minst 30 dagar før kommunestyret sin handsaming av planen, dette i tråd med plan- og bygningslova §10-1.

### **Handsaming i Hovudutval for plan og miljø - 06.09.2016**

Samrøystes i samsvar med innstilling frå rådmannen, og med fylgjande tillegg:  
Fokus på planar som er viktige lokalt.

### **Vedtak i Hovudutval for plan og miljø - 06.09.2016**

Fyresdal kommune vedtek å offentleggjere framlegg til kommunal planstrategi 2016-2019. Det skal så gå minst 30 dagar før kommunestyret sin handsaming av planen, dette i tråd med plan- og bygningslova §10-1.  
Fokus på planar som er viktige lokalt.

## **PS 42/16 Søknad om dispensasjon frå forskrift om motorferdsel i utmark for bruk av motorkøyretøy i utmark i samband med reinsdyrjakt på Austre Nape gbr.nr. 30/1.**

### **Innstilling frå rådmannen:**

I medhald av LOV-1977-06-10-82 Lov om motorferdsel i utmark og vassdrag får Johan Benad Ugland avslag på sin søknad om dispensasjon for å nytte motorkøyretøy i utmark til uttransport av villrein på eigedomen Austre Nape. Avslaget grunngjevast med at forskriftas §5a. ikkje opnar for slik dispensasjon, og at ein ikkje ynskjer å legge til rette for ytterlegare bruk av motorkøyretøy i utmark i Fyresdal.

### **Handsaming i Hovudutval for plan og miljø – 06.09.2016**

Forslag frå Arbeiderpartiet v/ Nils Vidar Pettersen:

Som innstillinga til rådmannen, men kutter siste setning etter komma.

Ved avstemming blei forslaget samrøystes vedteke.

### **Vedtak i Hovudutval for plan og miljø – 06.09.2016**

I medhald av LOV-1977-06-10-82 Lov om motorferdsel i utmark og vassdrag får Johan Benad Ugland avslag på sin søknad om dispensasjon for å nytte motorkøyretøy i utmark til uttransport av villrein på eigedomen Austre Nape. Avslaget grunngjevast med at forskriftas §5a. ikkje opnar for slik dispensasjon.